

### Liten knute

Kåre kom til verda med ein navlestreng ingen klarte å klippe over. Navlestrengen hang fast i ei morkake som nekta å kome ut. Ho heldt seg der ho var, ho rikka seg ikkje. Dei klarte ingen av delane, å klippe over navlestrengen, eller å operere ut morkaka. Dette var litt av eit mosk, sa overlegen. *Litt* av eit mosk. Far hans tok det først som eit personleg nederlag, at han ikkje klarte å klippe over navlestrengen; han tenkte han måtte vere siste sort, ei lus av ein far, som ikkje klarte noko såpass enkelt. Vel var navlestrengen både feit og glatt, men han var ikkje unormalt tjukk på nokon måte. Berre unormalt sterk. Og det var trøyst i det, for far til Kåre, at ingen andre klarte å klippe han over heller, ingen av sjukesøstrene, ingen av legane, same kva dei prøvde. – Vi får finne ut ein alternativ måte å leve på, Marianne, sa far til Kåre, – de er bundne saman for livet, det er ingen tvil om det.

Marianne hadde i grunnen ikkje noko imot det. Det vart på mange måtar lettare å halde oppsyn med det vesle barnet, ho visste kvar han var til ei kvar tid, og ho kunne berre snare inn navlestrengen om ho tapte han av syne, eller om han sprang og gøymde seg. Sjølv sagt var det problematisk å ha eit privatliv med faren, men det gjekk, det også: ein måtte bere innstille seg på å gjere det så stille som mogleg, og med minst mogleg rørsle. Far til Kåre, derimot, tykte situasjonen vart meir og meir uuthaldeleg, han *ville* ha rørsle! kunne han finne på å rope. Når han var på sitt sintaste, ofte etter ei eller anna hending i det offentlege: ein eller annan handletur eller berre ein tur i parken, der folk hadde stirra på denne gråkvite, nakne strengen mellom mor og son og heilt tydeleg tykt at det var merkeleg. Og på far til Kåre, følte far til Kåre, som gjekk eit halvt skritt bak dei med bøygd nakke. Han heldt det ikkje ut meir. Han reiste.

Marianne hadde i grunnen ikkje noko imot det. Det vart på mange måtar lettare å leve slik dei var nøydde til å leve, når ho kunne konsentrere seg om å halde tritt med son sin. Det var så mykje ho måtte vere med på. Ho måtte småspringe overalt, klatre i tre, hoppe i høyt, sykle, sparke fotball, vere med heim til kameratane. Og heile tida prøvde ho å gjere seg usynleg, ville ikkje hemme sonen i utviklinga, visste at ho måtte late han få gjere ting, prøve ting ut, ho ville ikkje vere nokon klamp om foten, så når dei gjorde ugagn og rampestrekar let ho att

augo. Stod utanfor badet når dei smurte det inn med tannkrem. Gøymde seg bak tre når dei smugrøykte i grøfter. Og heldt seg for augo når ho måtte vere med Kåre i garderoben før og etter symjinga. Under Kåres seksuelle debut, dritings i fjortenårsalderen på ein fest, låg ho gøymt så godt ho kunne under senga og heldt seg for øyrene.

Då Kåre vart gift, flytta naturlegvis Marianne inn saman med brudeparet. Dei laga eit rom til henne like ved soverommet deira, for bruda kunne ikkje halde ut at Marianne skulle sove i same rom som dei, så slik vart det. Det var i grunnen berre ein ekstra vegg i rommet, med ei glipe som navlestrengen kunne træast inn i før alle saman la seg. Men bruda meinte ho såg auget til Marianne stire på dei gjennom glipet. Noko Marianne sa ikkje var sant. Men bruda insisterte, og sydde eit forheng som ho hengde opp framfor glipet. Forhenget hengde seg opp i navlestrengen, og bruda braut gråtande saman på golvet. – Ho er overalt! hiksta ho, – ho er overalt, Kåre, det er ingenting som nyttar, eg held ikkje ut! Eg held ikkje ut! gret ho, og i eit fortvilt forsøk beit ho av all makt i navlestrengen. – Au! hylte Kåre og Marianne, og såg forskrekka på kvarandre gjennom glipet; dei visste ikkje at bandet hadde blitt følsamt. Bruda berre hiksta. – Eg reiser! sa ho. – Eg re – heiser! Og så reiste ho.

Kåre hadde i grunnen ikkje så mykje imot det. Det vart på mange måtar lettare å leve slik dei var nøydde til å leve, no då mora var i ferd med å bli gammal og han var nøydd til å byrje ta omsyn til hennar tempo. Han kunne dessutan ikkje gjere dei tinga han ville lenger, han kunne ikkje gå ut med kompisar, ho vart så fort trøyt, og ikkje for det, ho kunne godt sitte på puben og sove, sa ho, men han ville det ikkje, sa han, han trengde det ikkje lenger. Sanninga var at han alltid vart så flau når ho sovna; haka hennar fall ned på brystet og slev rann ut av munnen. Så han fekk klare seg utan. – Det har alltid vore du som har vore med på mine ting, mor, sa han, – no kan eg bli med på dine. Så han blei med henne på bingo. På basar. Og når ho sovna på offentlege plassar var han ikkje så flau lenger, han kunne til og med synast godt om henne, der ho sat med siklet hengande i ein tynn tråd frå haka: ho var mor hans, ho hadde følgt han overalt. Han elska henne. Til slutt hadde han vant seg til eit heilt stille liv, til timar med kryssord og strikking, til lengre og lengre ettermiddagslurar, til all verdas TV-seriar og radioprogram. Til å subbe med tøflar over linoleumen. Til å gå til senga klokka ni. Det var roleg. Fredfullt.

Men ein dag, midt i frukosten, døydde Marianne. Hjartestans, sa legane, og Kåre var ikkje til å trøyste. Dei meinte dessutan at no når ho var død, måtte dei klare å skjere over navlestrengen. Fordi viss ikkje, vart Kåre nøydd til å flytte inn på gravplassen. – Men bandet har blitt følsamt, sa Kåre, – det kjem til å gjere vondt! – Har du ikkje høyrte om bedøving, sa dei, og Kåre raudna. Han hadde vel det, mumla han. Så Kåre blei bedøvd. Kåre blei forsøkt skilt frå den døde mor si. Men det nytta ikkje. – Kva i helvete, ropte legane. – Vi nektar å tru det! Morkaka hadde skrumpa inn til ein klump så liten som ein rosin og festa seg i bekkenbeinet, ho hadde blitt til skjelett. Ikkje eingong på den delen av navlestrengen som hadde byrja bli svakt grønleg, beit saksene, knivane, laserane. Det nytta ikkje. Bandet var ikkje til å bryte. – Kåre, vi må skjære laust ein bit av skjelettet hennar om du skal bli fri, sa dei. Kåre såg på dei, som om han var redd dei skulle slå han. Augene hans var oppsperra og øyrene låg flatt bakover, som ein hund, kviskra overlegen, som ein hund ville han leve, då Kåre peip: – nei, det går fint, ikkje gjer det! – Då får vi rett og slett slå ein liten knute på det, så stramt det går, for å hindre døden hennar i å sive gjennom til deg. Det er ikkje noko meir vi kan gjere, Kåre, vi er leie for det, sa legane. Kåre sa det var greit. Ba dei berre om å be gravferdsbyrået om lage eit hol i kista så navlestrengen kunne sleppe effektivt igjennom. Og søkte kommunen om byggeløyve på gravplassen.

Byggeløyvet vart innvilga, men huset måtte ikkje vere høgre enn den høgaste gravstøtta på gravplassen, og ikkje breiare enn at dei andre gravene fekk stå i fred, noko som var heilt i orden for Kåre, han hadde ikkje så store rørslemoglegheiter uansett, no då navlestrengen var forkorta med seks fot jord. Det var greit; han hadde vant seg til eit stille liv, og heldt fram dagane slik han hadde slutta dei før mor hans døde, med kryssord, TV, radioprogram. Han subba litt med tøflane mot veggen, kika ut vindaugget, på dei ulike gravfølgja som passerte eit par gonger i veka. For å sjå om han fekk sett henne. Ho som alltid var i gravferdene, og som aldri såg ut til å kjenne nokon av dei som stod og gret og heldt om kvarandre. Ho som alltid stod i utkanten, kledd i svart, med eit lite, bleikt ansikt vendt alvorleg mot jorda.

Han hadde lagt merke til henne allereie den første gravferda han var vitne til frå det nye huset sitt; ho hadde gått bakerst, og kom til å snuble i det lange skjørtet, som hadde blitt endå lengre fordi det regna. Ein dag med mykje vind og regn hadde ho snubla rett utanfor huset hans, huset hans stod ikkje så verst til slik, tenkte han, det stod like ved den vesle grusvegen som

snodde seg gjennom gravplassen, som gravfølgja måtte gå på for å kome til gravene sine. Og då ho reiste seg og børsta av knea sine, møtte ho blikket hans. Himmel og jord stod stille. Og så gjekk ho vidare. Han såg etter henne. Ho knytte armane over brystet, ho var ein mørk, liten strek, bakerst i følgjet, med altfor langt og vått skjørt. Han tenkte at han gjerne skulle kysse henne i all denne vinden. Og kysset skulle vere som langt hår i vinden, eller som langt gras i vinden skulle det vere, og det skulle suge dei fast til jordoverflata sjølv om det heile tida rykte i dei og ville ha dei til å fyke bort.

Å!

Han venta på henne kvar dag. Ho hadde byrja sjå inn til han no, når ho gjekk forbi, dei hadde byrja helse på kvarandre, så vidt, med augo, dei hadde noko, han visste ikkje kva det var, men det likna på ei forståing, og ein dag hadde han våga det, han hadde skrive ein liten plakat, og den heldt han opp i vindaugget, håpte ho såg det: «KOM HIT», stod det. Kom hit. Han hadde rydda så godt han kunne, vaska golvet, raska nokre blomar frå grava til mor si og sett dei på det vesle bordet, og han meinte ting såg bra ut. Det einaste som gjorde han uroleg, var navlestrengen: hans del fram til knuten var grå og frisk og fin, men Marianne sin del blei svartare og svartare lenger og lenger fram, og han visste ikkje om knuten var sterk nok til å halde døden hennar unna. Og han visste ikkje kva ho han ikkje visste kva heitte ville synast om det. Han stod med mjøl på fingrane då det banka på. Han hadde tenkt å prøve å pudre Mariannes del av navlestrengen, men no tørka han av seg så raskt han kunne på kjøkkenhandduken, og opna. Det var henne. Ho stod der, lita og mørk, og med bleikt, bleikt ansikt. Armane knytt over brystet. – Kom inn, smilte han. – Kom inn.

Ho hadde ingen familie, fortalde ho, og ho var så einsam! Ho var heilt åleine i verda! Ho gret i fanget hans. Gravferdene var den einaste plassen ho torde å gå for å møte folk, folk var så opne i gravferder, dei gret og opna seg, og sjølv om ikkje folk kjende henne, gjekk dei vel ut frå at ho på ein eller annan måte hadde kjent den avdøde, at ho kanskje hadde gått ærend eller klipt hår eller noko. For dei tok imot henne, serverte henne kaffi i gravøla, snakka med henne, spurte korleis ho hadde kjent den avdøde, og då sa ho som regel noko fint, eitt eller anna ho hadde snappa opp under gudstenesta, og dei spurte om henne, kven ho var, kva ho gjorde på.

Han klappa henne på håret. – Men no kan du kome hit, sa han. – Så lenge eg har igjen. – Kva meiner du med det? spurte ho. – Ser du den strengen som går ut frå magen min? spurte han. Ho løfta på hovudet og gnei tårene ut av augo. – Ja! Kva *er* det?

Han fortalde alt saman.

– Ho berre *reiste*? sa ho når han kom til delen om bruda.

– Ja, sa Kåre, og kjende gråten knipe i halsen. Det var noko som kneip ein stad. Det stakk og stakk. – Så du har ingen barn, sa ho. Han rista på hovudet. – Ikkje eg heller. Og eg vil så gjerne ha det! Eg vil ha noko som er mitt! Ein heim! Nokon å vere heime hos! Ho såg på han. – Trur du ... hadde du villa hatt meg, eg meiner generelt, altså, er eg noko å ha, er eg noko nokon ville ha hatt, til dømes du, for å spørre rett ut, sa ho. – Ville du hatt *meg*? spurte han. – Eg er trass alt ein mann lenka til si døde mor gjennom ein ubryteleg navlestreng! – Eg vil ikkje ha noko anna, sa ho og kasta seg om halsen på han. Kroppen hennar var så liten og det dirra i han! Kåre dirra. – Og kven veit kva genene mine kan stelle i stand, heldt han fram, – kan hende får du eit barn med same sort navlestreng som eg har fått. – Eg vil ikkje ha noko anna! ropte ho lukkeleg. Og no *ville* han kysse henne.

Frå *Knutar*, 2004

**mosk:** styr  
**slev:** sikl, spytt

## Spørsmål

1. Er novella humoristisk eller alvorleg? Grunngi svaret.
2. Kva kan navlestrengen vere eit symbol på?
3. Slutten kan samanliknast med ein «happy ending». Korleis tolkar du den?
4. Sjå filmen som ligg på nettstaden til Signatur. Korleis har regissøren overført novella til filmmediet? Har ho endra på noko? Kva slags inntrykk gir filmen samanlikna med novella?